



Arkoconsult

Dato: 17.02.2014

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2014/10140-3

Fråsegn til oppstartmelding for reguleringsplan for Havgard Fjordferie, gnr. 12, bnr. 29 – Radøy kommune

Vi viser til brev datert 15. januar 2014 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Havgard Fjordferie. Hovudføremålet med reguleringa er bustad. Føremålet er i hovudsak i strid med kommuneplan der området er sett av til fritids- og turistføremål, med omsynssone H910 – gjeldande reguleringsplan skal gjelde. I gjeldande reguleringsplan er områda som planleggjast regulert til bustad sett av til landbruksføremål. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspeil

I det vidare planarbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel
- Strandsone
- Universell utforming

Meir om landskap:

Planområdet er del av Hellosen, eit småfjord- og storsundlandskap som er karakterisert som eit landskapsområdet med stor verdi.

Meir om kulturminne:

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Området inneheld i dag eksisterande campingplass og busetnad. Vi vurderer potensialet for funn av ukjende automatisk freda kulturminne som lite. Vi har difor ingen avgjerande merknad til planen i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

Vi ber likevel om at ein under planlegginga og opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, landskap, kulturminne, samferdsel, strandsone og universell utforming.

Marit Rødseth
plansjef

Per Morten Ekerhovd
Fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Sakshandsamar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Øystein Skår, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Radøy kommune

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest